

## **Opplevingar i det vestnorske kraftlandskap. Førebels prosjektsøknad til verdiskapingsprogrammet 2018**

I Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane finn ein den største konsentrasjonen i landet av stader som i løpet av dramatisk korte tidsspenn på 1900-talet gjekk gjennom totale transformasjonar frå før-industriell produksjon og levesett til levesett basert på hydroelektrisk industriutbygging. Så sterke var desse transformasjonskreftene at heile landskap vart omdanna, til kraft – og industrilandskap.

I kjølvatnet av denne «2. industrielle revolusjonen» vart det også skapt så store kulturhistoriske verdiar at samfunnet har sett inn store ressursar i forvaltninga av dei, langs fleire forvaltningsstrategiar:

1. Norsk Vassdrags – og Industridirektorat (NVE) ivaretek ansvar for energisektorens kulturminne, presentert i temaplanane: *Kulturminner i norsk kraftproduksjon, Kraftoverføringens kulturminner, Dammer som kulturminner.*
2. Riksantikvaren gjennom tiltaket «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse» (KULA) der Hordaland har ferdigstilt sin rapport «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland».
3. Riksantikvaren og den regionale kulturminneforvaltninga gjennom satsing og program for teknisk – industrielle kulturminne
4. Utviklinga av lokalt planarbeid gjennom «Kulturminne i kommunane» (KIK)

Samferdselssektoren har gjennom Statens Vegvesen si satsing «Nasjonale Turistvegar i Norge» utvikla «...18 kjøreturer gjennom vakker norsk natur der opplevelsen forsterkes med nyskapende arkitektur og tankevekkende kunst på tilrettelagte utsiktspunkt og rasteplasser.»

**Prosjekt «Opplevingar i det vestnorske kraftlandskap» har som føremål å kapitalisere på desse satsingane gjennom å etablere koplingar mellom dei som verke til å utløyse synergjar for verdiane i det vestnorske kraftlandskapet i verdiskaping og reiselivsutvikling.**

### *Inter-regionalt initiativ*

I møte 7. desember 2017 vart fylkeskommunane Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane samde om at Hordaland skulle sende førebels søknad til verdiskapingsprogrammet 2018 på prosjektet «Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet» på vegne av prosjektpartnerane.

I Regional plan for kultur 2015-2015 – Handlingsprogrammet for 2018 – vedteke av fylkestinget i Hordaland 12.12.2017, heiter det mellom anna:

*For kulturminneforvaltninga vil det i 2018 vere særleg fokus på kulturminne i høve samfunnsnytte og verdiskaping. Prioriteringane her gjeld verdsarv, berekraftig reiseliv, samt arbeid med andre fylkeskommunar om kystpeilegrimsleia og reiserute med opplevingar i det vestnorske kraftlandskap.*

Presentasjon av prosjektide (HFK) og innspel frå Rogaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, er å finne i vedlegga 2 til 4.

### **Reiselivarena**

Strekningane som er plukka ut, ligg midt i reiselivsarenaen FjordNorge. Saman med den teknisk-industrielle kulturarven er dette å sjå som innfallsporten til det moderne Noreg – naturarv og kulturarv foreina i opplevingar.

## Dei nasjonale turistvegane

Prosjektet vil nytte dei nasjonale turistvegane som historisk infrastruktur som kan gje tilgang til natur – og kulturopplevingar.

Nasjonale turistveger  
Norwegian Scenic Routes


De 18 turistvegane Min reise

Presse Om oss

🔍 🇳🇴


- Varanger
- Havøysund
- Senja
- Andøya
- Lofoten
- Helgelandskysten
- Atlantehavsvegen
- Geiranger - Trollstigen
- Gamle Strynefjellsvegen
- Rondane
- Sognefjellet
- Valdresflye
- Gaularfjellet

Koplingane mellom nettverket av turistvegar og stader prosjektet vil fokusere på, kan illustrerast på kartet nedanfor. Lilla liner syner vegar som bind kraftanlegga saman med Nasjonale turistvegar, merka raudt.



### The National Discovery Route


FjordNorge har arbeidd fram ein etappe dei kallar The National Discovery Route, som kombinerer transport med store mogelegheiter for topturar:






# Opplevelingar i det vestnorske kraftlandskapet – oversyn over vegstrekking vi vil involvere Rogaland

Strekninga Sola flypass – Energihotellet. Rute med potensielle stopp (merka blått)




## Rogaland

Strekninga Haugesund flypass – Energihotellet. Rute med potensielle stopp (merka blått)



# Hordaland


## Strekninga Nesflaten – Vøringsfossen. Rute med potensielle stopp (merka blått)





## Hordaland/Sogn og Fjordane

Strekninga Vøringsfossen – Høyanger. Rute med potensielle stopp (merka blått)



### Primære kraftpunkt (utheva) og nøkkelstader:

#### Rogaland:

#### 1. Stavanger som utgangspunkt:

Fotland Mølle og kraftstasjon

Fosvatnet kraftstasjon

Oltedal kraftstasjon

Jøssingfjord / Nedre Hellen kraftstasjon

Flørlid

Kraftstasjonen i Lysebotn

Ulla/Førre

#### 2. Haugesund som utgangspunkt:

**Sauda 3/Industriarbeidermuseet / Åbø-byen (Sauda)**

Allmannajuvet

**Storlivatn dam - Svartavatn dam**

**Nesflaten, Suldal 1 kraftstasjon - Energihotellet**

*Hordaland:*

1. **Røldal**
2. **Norsk Vasskraft og Industristadsmuseum – Tyssedal kraftstasjon / Senjanaset trafostasjon Kraftledning Tyssedal – Odda / Lilletopp - Ringedalsdammen**

Sima m/Sysendammen + Eidfjord Natursenter

Kinsarvik/Kinso 1 kraftverk (industristaden som aldri vart noko av)

Ålvik

*Sogn og Fjordane:*

Svelgen kraftverk

1. **Høyanger kraftverk 1-5 og Industristadsmuseet/byporten**

Årdal – Eriksdal kraftverk, Nye/Tyin kraftverk, Mannsberg

Aurland 1- 5 + Leinafoss

Refsdal i Vik + Kraftledning Refsdal - Fardal m/sognefjordspennet

På sikt ser vi at det kan verte utvikla tilleggsruter. Rjukan/Notodden kan til dømes verte kopla på i utviklinga av prosjektet.

### **Arbeidsmetodikk**

Prosjektet vil gå føre seg i område der ein tradisjonelt har vore lite oppteke av besøk og turisme, noko som har ført til låg utnyttingsgrad av vestnorske teknisk-industrielle kulturminne som ressursar i ei attraksjonsutvikling.

Utviklinga av Opplevingar i det vestnorske kraftlandskap vil krevje lokal mobiliserings og bevisstgjerings langs to aksar:

- Institusjonsmobilisering, dvs. mobilisering og involvering av kommunar og kulturinstitusjonar
- Aktørmobilisering (private tilbydarar av overnatting, mat og annan service) gjennom utvikling av nettverk og klyngesamarbeid

Mykje innleiande innsats i prosjektet bør verte retta inn mot produktutvikling. Røynsle seier at marknader ut over kjerneproduktet vårt – opplevingar av kultur – og naturarv – kan verte ståande uforløyst dersom utvikling, organisering og pakketering av produkt ikkje vert sett i system.

Til dette føremålet vil prosjektet vil søkje et produkt-marknads-perspektiv. Det inneber at vi ser på følgande element:

a) Produktet: kartlegge utvalte nøkkelområde sine tilbod til turisttrafikk langs Nasjonale Turistvegar, samt posisjonen deira i høve til marknaden i dag

b) Marknaden: kartlegge behov, interesser og segmenter blant turistar og ferdafolk langs Nasjonale Turistvegar

## Produktutvikling

Eit system er å dele marknaden i sesongar og produkta i primærprodukt og sekundærprodukt.

Det følgjande er berre eit døme på korleis dette kan gjerast:

Sesong	Primærprodukt	Sekundærprodukt
Sommar	<p><b>Bil – og bussturisme</b></p> <p><b>Syklistar</b></p> <p><b>Vandring</b></p> <p><b>Produkt:</b></p> <p><b>Mat, overnatting (De historiske hotell &amp; Spisesteder)</b></p> <p><b>Organisering av aktivitetar:</b></p> <p><b>Omvisingar på historiske industrinanlegg og industristader med tema på teknisk-industriell utvikingshistorie og arkitektur</b></p> <p><i>Målgrupper: Individuelle bilturistar tyske/nederlandske og norske</i></p> <p>Camping, hytte og hotellovernatting, restaurantbesøk.</p>	<p><b>Produkt:</b></p> <p><b>«Røyrgateturar»/Trallebane</b></p> <p><b>Via Ferrata</b></p> <p><b>Fjellvandring</b></p> <p><b>Gardsbesøk (kortreist mat og drykk)</b></p> <p><b>Elvepadling/Fossesafari</b></p> <p><b>Fiske</b></p> <p><b>Målgruppe UK/USA</b></p> <p><i>Grupper på hikes.</i></p> <p><i>Sportsturistar</i></p>
Haut	<p><b>Bil – og bussturisme</b></p> <p><b>Syklistar</b></p> <p><b>Vandring</b></p> <p><b>Produkt:</b></p> <p><b>Mat, overnatting (De historiske hotell &amp; Spisesteder)</b></p> <p><b>Organisering av aktivitetar:</b></p> <p><b>Omvisingar på historiske industrinanlegg og industristader med tema på teknisk-industriell utvikingshistorie og arkitektur</b></p> <p><b>Målgruppe</b></p> <p><i>Norske naturturistar</i></p> <p><i>Norske konferansegjester</i></p> <p><i>Pensjonistar i buss</i></p> <p><i>Utanlandske hytteturistar</i></p>	<p><b>Produkt:</b></p> <p><i>Bær – og soppjakt.</i></p> <p><i>Kulturtur – lokal mat og drikke</i></p> <p><i>Vandreturar på tilrettelagde løyper. Hjortejakt og fiske.</i></p> <p><i>Teambygging og guida turar langs turistvegen med smaking av lokal mat og drikke</i></p>
Vinter	<p><b>Bil – og bussturisme</b></p> <p><b>Ski</b></p> <p><b>Produkt:</b></p> <p><b>Mat, overnatting (De historiske hotell &amp; Spisesteder)</b></p>	<p><b>Produkt/målgruppe:</b></p> <p><i>Skiaktivitetar</i></p> <p>Gardsbesøk (kortreist mat og drykk)</p>



	<p><b>Organisering av aktiviteter:</b></p> <p><b>Omvisingar på historiske industrinanlegg og industristader med tema på teknisk-industriell utvikingshistorie og arkitektur</b></p> <p><b>Produkt/målgruppe:</b></p> <p><i>Kulturturisten</i></p> <p><i>Sportturisten</i></p>	
Vår	<p><b>Bil – og bussturisme</b></p> <p><b>Syklistar</b></p> <p><b>Vandring</b></p> <p><b>Produkt:</b></p> <p><b>Mat (kortreist), overnatting (De historiske hotell &amp; Spisesteder)</b></p> <p><b>Organisering av aktiviteter:</b></p> <p><b>Omvisingar på historiske industrinanlegg og industristader med tema på teknisk-industriell utvikingshistorie og arkitektur</b></p> <p><b>Målgruppe:</b></p> <p><i>Norske og utanlandske kulturturistar.</i></p> <p><i>Bedrifter og organisasjonar Blåtur/ velferdstur med aktivitetar og mat</i></p>	<p><b>Produkt/målgruppe:</b></p> <p><i>Sportturistar</i></p> <p><i>Vårskiturar</i></p> <p><i>Pensjonistar i buss</i></p> <p><b>Gardsbesøk/Fruktbløming (kortreist mat og drykk)</b></p>

### Trong for tilleggskompetanse i prosjektleiinga

Arbeidet med reiseleivsutvikling krev at prosjektleiar har reiseleivskompetanse i tillegg til den kulturkompetansen ein finn i fylka og i kulturinstitusjonar.

### Kulturturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland (KULA)

Arbeidet i Hordaland har vore ein del av Riksantikvaren sitt arbeid for å kartleggje kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Indre Sjørfjorden (sjå kart) er klassifisert som kraft – og industrilandskap.



Strandstaden Odda har gjennomgått transformasjonen frå å vere det mest vitja turistmålet i landet rundt 1900-talet, gjennom storstilt kraft - og industriutbygging i Odda og Tyssedal til nedlegging av industrien på 2000-talet.

Denne type landskap dekker både tidsdjupne (transformasjonen gjennom den norske 2. industrielle revolusjon) og det mangfaldet i kulturhistoria landskapet kan vise:

1. Næringsveggar og –verksemder
2. Viktige fasar i historia og forhistoria
3. Nasjonalt viktige hendingar
2. historiske strukturar, som til dømes kommunikasjonssystem og eigedomsstrukturar
3. byggeskikk og arkitektur
4. alle typar landskap – frå fjell- og kystbygder til byer og tettsteder

Då Kultur – og ressursutvalet 21.10.2014 handsama KULA – prosjektet, heiter det interessant nok i vedtaket, punkt 4:

*Status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse bør gi prioritet ved tildelingar frå regionale og sentrale tilskotsordningar retta mot formidling, landskap og samfunnsutvikling.*

Kraft – og industrilandskapet i Indre Sørfjorden har kommunikasjonar med Dalen i Telemark og Nesflaten i Sogn. Tilfanget i rapporten har stor overføringsverdi til Rogaland og Sogn og Fjordane.


Opplevingar i det vestnorske kraftlandskap vil nytte KULA – rapporten sitt tilfang og tenkemåte til å fremje kunnskap om menneskepåførte landskapsendringar og landskapsforståing i eit områdeutviklings – og heilskapsperspektiv.

### **Kulturminneplanar i kommunane – KIK**

Gjennom Riksantikvaren sitt initiativ, har mange kommunar i dei tre fylka fått egne kulturminneplanar. Lokalkunnskapen i desse vil gjennom dette prosjektet verte nytta aktivt til formidling i ein reiselivssamanheng.

### **European Routes of Industrial Heritage – ERIH**

European Routes of Industrial Heritage er ein paraplyorganisasjon for nettverk av industrihistoriske stader.



På Vestlandet ser vi at nokre stader har meldt seg inn i Erih og kome med på nettportalen <http://www.erih.net/> (sjå kart).

Det vil verte eit viktig siktepunkt for Opplevingar i det vestnorske kraftlandskap å få fleire av nøkkelområda/kraftpunktka meldt inn i organisasjonen, både av faglege grunnar, men også fordi organisasjonen er ein viktig plattform for marknadsføring overfor eit europeisk og internasjonalt publikum.

### **Prosjektorganisering**

Prosjekteigarar: Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar

Prosjektleiing: Kjøpt teneste etter utlysing av anbuds konkurranse. Prosjektleiinga må ha reiselivskompetanse.

Styringsgruppe: Ein politisk oppnemnd representant frå kvar av fylkeskommune samt ein representant frå Riksantikvaren (dersom RA ønskjer det). Prosjektleiinga møter i styringsgruppa.

Inter – regional koordinering fylkeskommunane mellom: Ein av fylkeskommunane tek på seg denne rolla på vegne av prosjekteigarane

Arbeidsgruppe: Tilsette frå fylkeskommunane

Referansegruppe: Bør ha brei samansetting med m.a. representantar frå:

- Vegvesenet
- NVE
- Kraftbransjen
- Kraft – og reiselivskommunar
- Innovasjon Norge
- Bedriftsnettverk
- Forvaltarar av støtteordningar innan næringsutviklingsutvikling
- FjordNorge

### Kostnadsbudsjettering

For tentativt kostnadsbudsjett, sjå vedlegg 1.

Hovudkostnaden er prosjektleiing. Det må setjast av midlar til kjøp av kurs i produktutvikling, pakketering og marknadsføring gjennom Innovasjon Norge sin kursverksemd, vidare til nettverkssamlingar, reiser, utvikling av digitale mobile verktøy for reiseguiding og reiseplanlegging og til kjøp av stands ved salsmesser overfor operatørar.

Total: 1.200.000

### Finansiering (pr. år):

Institusjon/Sum	SUM Matchingsmidlar	RA tilskot
Sogn og Fjordane	200.000	
Hordaland	200.000	
Rogaland	200.000	
<b>Sum matchingsmidlar</b>	<b>600.000</b>	
Riksantikvaren		600.000
<b>Total Matchingsmidlar+ tilskott</b>	<b>1.200.000</b>	

### **Konklusjon**

Dette prosjektet har vore drive så langt fram vi har makta innanfor tidsfristen 15. januar 2018. Avhengig av respons frå Riksantikvaren, vil fylka gå i gang med politisk handsaming av tiltak og løyvingar til matchingsmidlar og setje i gang arbeidet med utlysning av anbodskonkurranse på prosjektleiinga – alt med tanke på prosjektoppstart innan sommaren 2018.

Detaljert prosjektplan vil verte utvikla i samband med anbodskonkurransen.